

Arild Håkedal:

I Inger og Knut sine fotspor



Vestre Fiskvatn sett frå sør.

I samband med 100-ars jubileet til Engvald Bakkan, hadde historielaget ei vandring frå Vestre Fiskvatn til Mjåvasstøy. Omlag 150 menneske var med på turen. Eg skal her gje att det viktigaste som blei nemnt undervegs.

VESTRE FISKVATN

Sidan Mjåvasstøy har gått ut frå denne garden, har eg funne det naturleg å ta med denne og. Me skal ta ein historisk gjennomgang av hovudtrekka av det eg har funne i gamle papir og intervju fram til i dag.

Om denne garden var rydda før svartedauden er uvisst, men dersom han var det, stod han sikkert tom lenge. Det var nok fleire andre gardar som var meir attraktive, og som au stod tome etter pesta.

Fyrst på 1600 talet er det truleg at gardane i Åmli er tilbake til tilstanden før svartedauden. Vestre Fiskvatn er fyrste gong nemnt i 1661, og då som plass under Gjermones.

I 1666 bruker Torbjørn øydegarden Vestre Fiskvatn. Han er 36 år og har sønene Sveinung på 8 år, Aslak 5 og Oluf 1,5 år. Kvinner var ikkje med i denne teljinga.

I 1706 heiter eigaren loytnant Johan Valentin Trommer. Han har gifta seg inn, men etter konas død, sel han garden til

Gunnar Knutson Gjermones. Løytnant Trommer kunne likevel bu og bruke Fiskvatn så lenge han levde.

Det er nesten rart at ein person med dette framande namnet og militær tittel, og som lever samtidig med Inger og Knut, ikkje er utnytta litterært av Engvald Bakkan. Det har vel bare ikkje passa i hans litterære oppbygning.

Seinare i same dokumentet går det fram at denne Gunnar saman med Knut Knutson, truleg ein bror, hadde pantsatt nokre myrar på Mjåvasstøy til Gjøvland i 1684. Kanskje denne Knut er Knut Mjåvasstøy? Engvald Bakkan seier derimot at Knut har slekt si frå Sigernes, men sidan dette er naboeigedommar kan det ha vore bustader på ulike tidspunkt.

Gjer me eit hopp til folketeljinga av 1801, finn me Husmann med jord, Børuf Gunnarson. Denne tittelen tyder at han eig jorda, men har pliktarbeid, dvs. på Gjermones. Børuf-namnet blir så verande ved denne garden i omlag 200 år, til juni i år då vår tids Børuf Fiskvatn dør.

I 1807 sel så Børuf den nordre delen av eigedommen til Mjåvasstøy. I skøyta, som er på 1,5 sider og veldig utførleg, ser ein bl.a. at grensa går midt på Mjåvatn ved det karakteristiske namnet Halsfardalen, ein er altså midtveis mellom

Fiskvatn og Mjåvasstoyl. Eit anna malerisk punkt i grensekontrakta er Bjønnehistenein på vestre sida av vatnet. Eit trede namn som fortel oss noko er Trettekjerret. Heilt fram til vår tid blei det sagt at skoggasten hadde vore der, dvs. bytesteina var blitt flytta på.

Kjøpar er Sveinung Knutsson Mjåvasstoyl. Han skal me kome tilbake til under Mjåvasstoylomtalen.

I 1865 er det Eivind Børufson som sit på Fiskvatn. Han har nå tittelen sjølveigar, er 57 år, enkemann med 4 søner. Tenestejenta på 22 år styrer huset. Her er 1 hest, 5 naut, 17 sauher og 8 geitar. Det blir sådd 2 tonner bygg og 3,5 tonner potitter.

Eldste sonen heitte Børuf, og han kjøpte bruk nr. 2 på Engenes i 1878. Han sat då med to gardar og flytta til Engenes, der han fekk eit tragisk endelikt, og brann inne i 1924. Husa låg omlag der Signe Engenes bur nå.

Einaste sonen, Eivind, overtok så Fiskvatn. I 1930 åra kom han i gjeld som mange andre, og det er då han sel stykket rundt Kallingsvatn til Sofie Guldbrandsen. Derfor er dette stykket eigd av Oslofolk nå.

Eivind døydde i 1962, då tok Børuf over. Han døydde som eg tidlegare har nemnt i år. Nåverande eigar, Bjørn Eilert Bjelkvik, er son til Børufs søster Signe.


Litt om bygningane

Dei eldste husa som stend her nå er våningshuset og stabbur. Kor gamle dei er veit eg ikkje. Eldhuset derimot, blei opphavleg bygd som driftsbygning til ei av dei største tømmerdriftene i Åmli. Det var i åra 1924 -26. Det var gammal skog og svært stor last. Den nye stemmen i Mjåvatn blei bygd då. Lemurar og skjermar nedover Fiskvassåna blei au bygd. Store delar av Mjåvatn låg full av last og 18-20 mann var med på flåtinga då dei slepte stemmen. Bortved eineren (sjå biletet) stod den gamle låven pluss to stallar. Ein del av driftefolka låg der au. Det nye uthuset blei bygd i 1936. Henry Berås sette opp murane. Gunnar Gjermones var snicker og Sveinung, Olav og Gothard Gjøvland støypte golvet i fjoset. Veggborda er av osp og har aldri vore behandla. Elles har me borti enden av den nordre enga, ved skogkanten, restar etter smia og badstoga. Saga står ennå bortved åna, og ligg litt høgare enn den gamle kvenna, som nå er borte. Den låg lengre nede i åna, mot der dei vaska kleda, og som dei enkelt og greitt kalla «vaskedammen». I seinare tid monterte Børuf ein generator som forsynte husa med elektrisk straum. Derfor ser ein ledningar på veggen der nå.

Litt om gamle vegar

Gåvegen herifrå til Mjåvasstoyl gjekk på austsida av vatnet, dvs på høgre sida sett herifrå. På vestsida var det for bratt før dei skaut ut den nye vegstubben.

Køyrevegen med hest gjekk oppå rinden mot Breivatn. Den kalla dei for Sveinungsveg. Den kom ned ved Stormyr, som ligg nedanfor hyttefeltet. Der vegen kjem ned heiter det Sjolvskotstea. Namnet kjem truleg etter ein bjønne-åte plass. Sørafor eineren på biletet, kan du ennå sjå ein veg dei kalla Slækja - som er det same som slepe. Den går forbi ein potikkellar som ein ennå kan sjå tydeleg.



Sidselhus i Mjåvatn. Mjåvasstoyl i bakgrunnen

Elles så gjekk den gamle byvegen frå Hunemo i Gjøvdal forbi her via Mjåvasstoyl. Det er altså ikkje utan grunn at Engvald Bakkan let det gå fantesylgje forbi Mjåvasstoyl. Med slik ei trafikkåre har det nok vore livat her til sine tider. Bortpå flata, sør for eldhuset, heiter det Dansarvollen og der er ein stein som heiter Spelemannssteinen. Denne hadde Børuf brukt som vekt på traktoren, og den låg lenge ned ved Sandane, som ligg ved den vesle bruau ein passerer på vegen opp hit. Før han flytta til Åmli, fekk han Bjørn Eilert til å hente den så den kunne få sin gamle plass. Fyrst sette Bjørn Eilert den nær ein skrent. Då sa Børuf: «Du må då forstå at steinen aldri har stått der. Spelemannen ville ramle ned skrenten når han blei full!»

Elles kan nemnast at den gamle setervegen, eller støysvegen, til Engenesbondane gjekk forbi her på veg til Kallingsheia. Namnet Kallingsheia kjem truleg av det å kalle eller huve, og er eit minne om den unge hjuringen, eller gjætaren sitt einsameliv på heia sommarstid.

Den gamle tida tok for alvor slutt her då bilvegen kom i 1964.

MJÅVASSTOYL

Dei som er her før første gong blir ofte litt skuffa dersom dei samanliknar med det bilde dei har danna seg ut i frå lesinga

av «Krossen er din». Ved nærmere ettertanke må ein vel innsjå at det er usannsynleg at husa kunne bli ståande uforandra i 300 år.

Her har budd folk og det har blitt dreve her fram til siste verdskrigen, og då er det naturleg at det har sett sitt preg på bygningane.

På Inger og Knut si tid var det skikken med mange små hus. Låve, stall, fjos, osv var eigne, små, enkle bygningar. Lengst bortpå jordet mot sør, finn me restane etter kanskje det eldste huset, nemleg badstoga.

Det er ikkje så lenge sidan den rausa saman. I vikingtida blei visstnok badstogene i Norge brukta på finsk sauna-vis. Men denne skikken fall etterkvart i frå, og badstogene blei så bru-ka til å tørke kornet før maling på kvenna.

I skøyta frå 1807, som eg fortalte om under Fiskvatn, går halvparten av kvenna på Fiskvatn med i salet av Mjåvasstøyl. Elles blei badstoga bruuka til å «døyve kleda», som dei sa, dvs. til å drepe lopper og lus ved oppvarming.

Låvebru var ikkje kjent i Norge før på 1600-talet, og det tok tid før denne byggeskikken var i allmen bruk. Så der var nok heller ikkje det på Inger og Knut si tid. Dei bar høyet inn i ein midtgang i 1. etasje.

Stabburet stod ved sida av og aust for våningshuset, men er nå rive ned.

Det eldste eg har funne der Mjåvasstøyl er nemnt er frå 1684. Det var det eg nemnde tidlegare om ei myr under øydegarden Mjåvasstøyl der Jon og Knut Gjermones pantset denne til Ommund Gjøvland.

Det neste skriftlege funnet er ei skjøte frå 1734 der Jon Gunnarson Risland får 1/4 av plassen Mjåvasstøyl av stefar sin Aslak Salveson Gjermones.

I kyrkjeboka for Åmli kyrkje i 1737 (avskrift på Åmli bibliotek side 193) finn ein «beviset» på at Inger får sin «absolusjon»(prestens syndeforlating). Der står og litt om saka.

Så går me til folketeljinga i 1801. Då er Mjåvasstøyl plass med jord under Gjermones, og her bur Terjei Tallakson, 45 år, gift med Guro Madsdotter, 46 år. Sonen Tjøstel er 5 år og dottera Helge er 8 år. Ja, der står Helge som jentenamn, og Helge Olsdotter er tenestejente på 26 år og ugift. Men alt i 1807 får me nye eigalarar. Som eg nemnte om Fiskvatn, får Sveinung Knutson kjøpt Mjåvasstøyl med ei detaljert kontrakt frå Børuf Fiskvatn. Han var gift med Kari Halvorsdotter Olstad.

Og inne i stoga den dag i dag står bokstavane måla fint på veggen ved den gamle skorsteinen. KHDM, altså Kari Halvorsdotter Mjåvasstøyl, og SKSM, altså Sveinung Knutson Mjåvasstøyl. Årstalet 1815 er måla saman med bokstavane. Det er gjort meir stas på bokstavane til Kari enn Sveinung sine. Ein må undre seg, som Bakkan seier. Kanskje ho blei vurdert høgt av mannen sin. Verre skjebne fekk truleg den eine dottera deires, Sidsel. Ute ved vestsida av vatnet er der eit bratt stup, som den dag i dag heiter Sidseluks (sjå biletet). Den muntlege tradisjonen fortel at Sidsel blei plaga av mannen sin, og ein dag fann dei bandtreskoa hennes ståande tome frampå fjellknatten. Då dei sokna, fann dei ho på botnen. Ho hadde valt bokstavleg talt å drukne sorgene sine. Søstera heitte Sigrid og ho var gift med Aslak Mjåvasstøyl.

Han kom kanskje frå Mjåvasstøylplassen som ligg lenger inne mot Urvatn. Aslak var med i krigen i 1814. Der blei han skada i beinet og kunne bare gjere vaktteneste. Ein dag kom prins Christian Fredrik forbi. Då klappa han Aslak på skuldra og sa: «Min stakkels gutt». Prinsen var ingen krigsmann, fortalte Aslak. Han kommandera: «Tilbake, gutter. Tilbake!» Men me ville gå på, sa Aslak. Han døde i høg alder som fattiglem.

Eg nemnte Mjåvasstøylplassen. Den siste som skal ha budd her var Sveinung Mjåvasstøyl, bestefar til felemakaren Sveinung Gjøvland, og altså oldefar til Olav Sveinungsen Gjøvland, som døydde i haust.

Det er harde tider og Mjåvasstøyl kjem etter kvart på auksjon. Garden er i Gjøvlandseige frå 1832 - 1869. Då går den igjen på auksjon, og blir kjøpt av kjøpmann M.H.Smith i Tvedstrand for 500 spesidaler. I 1874 blir så eigedomen splitta opp. Då kjøper Jon Person - som er min oldefar - husa og den del av skogen som tilhører dei den dag i dag. Resten av eigdomen sit Smith med fram til 1907, då han sel det stykket til Jørgen Oland og gamle Gjermund Homdrom. Og slik blei det stykket lagt til Homdrom og er under skifte i desse dagar.

Min oldefar Jon Person, datt av hesten og slo seg i hel på isen då han passera Dølevaet lillejulaften 1875. Oldemor Gunvor sat att med ungane her oppe fram til 1880. I denne tida var det ein gong bjønneskjættaren Olav Tverrstøyl saman med Eivind Gjermones hadde skote bjønn oppå fjellet her. Det var ei binne med to ungar som dei drog ned hit. Binna la dei ved låvebrua her. Min bestefar, Nils, var då 12 år. Han hadde hørt at bjønneskallen var så hard at børseskot ikkje ville gå gjennom. Mens dei vaksne var inne, lista han seg til med børse og skulle prøve denne påstanden. Han skaut og kula gjekk tvers gjennom.

Olav Tverrstøyl jakta elles mykje bjønn her oppe. I jaktjournalen hans er Svåå i Mjåvasstøylfjellet oppført med 6 bjønnar.

Det blei etterkvart vanskeleg å klare seg her for ei enke, og ho gjør då ein handel med Børuf Sveinungson Heia, der han flytter hit og oldemor Gunvor flytter til Heia.

Den siste som både eig og driv her er son til Børuf - Sveinung Mjåvasstøyl. Han og kona Anne driv her fram til 1936 då han flytta til Vehus. Døtrene Anna, gift Gjømle og Turid budde her saman med foreldra, mens sonen Bjarne Vehus er fødd etter dei flytta.

Lensmann Botha-Pedersen på Hisøy saman med Albert Johansson hadde dreve ein del harejakt hos Eivind Fiskvatn. Då Mjåvasstøyl blei på sal, kjøpte dei det til jaktbruk. Gjermond Seldal var den som formidla salet.

I dag er det Olav Botha som sit som eigar. I tillegg til dette hadde Toralf Sandnes ei interessant utgreiing om korleis her såg ut då garden var i drift. Han er ein av dei få attlevande som har fyrstehandskunnskap om dette. Familien hans dreiv Mjåvasstøyl om somrane under krigen. Dette kan me kome tilbake til i ei seinare utgåve av Jol i Åmli.